

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Fredag 01.06.18 kl 12 – kl 14.
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Bjørn Arne Skoglund, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen.
Forfall: Birgitte Rørvik-Bruun
Kopi til: Vara AU, leiargruppe region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 01.06.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

1	Orientering frå styremøtet 30.05	
---	---	--

Merethe orienterte om jordbruksoppgjøret, vert jobba i forhold til verkemiddel for marknadsbalansering. Vidare jobba med samarbeid i næringa som dataflyt. Heilheitleg transportplan og samarbeidsavtale Coop. God oppfølging på hastesal og utgått liggetid, godt innafør måla. Fornøgd med leveringsgrad. Tiltakspakken: Innfrir på ein del område, jobbast fortsatt på personal. NOVA: God framdrift.

Totalmarknad: Storfe: Underskot, god dekning, redusert sal. Sau/lam: Redusert engrossal til industri. Låg interesse for sau på reguleringslager. Godkjenning frå omsetningsrådet til å setje ned prisen på eit parti sau, gjekk kun kort tid før sal. Jobbast med eksport, halalslakting, produktutvikling. Kjedene lite tru på sal av småfe. KLF tatt inn noko av Islandskvoten. Jobbast med klyving av sau. Egg: Marknadsbalanse pga førtidsslakting. Gris: Stort overskot. Godt sal no, men ikkje godt nok til redusert overskot. Godt gjennomslag i jordbruksforhandlingane med reguleringstiltak, jobbast med eingongspurker. Ribbetiltak: Utfordrande for Nortura.

Omsetningsavgift: Inga endring no.

Omstilling egg: 94 produsentar ynskjer omstilling. Verkemiddel som pris vert vurdert. Industrien ynskjer frittgåande, inkl profilering.

Kyllingavtalen med NG: Vi ynskjer også EMV-produkta her.

Tilleggsytningar: Noroctllegg redusert med 10 øre, men auke på premiumtillegg Noroc i Griseløftet. Endra puljetillegg smågris. Storfe: Klassetillegg skal no samsvare med verdiuttak i industrien, takast ned 2. halvår + 1. halvår 2019. 1. halvår pristillegg.

Telefoni: Problem generelt og mot livdyr, backup er etablert.

Ragnhild supplerte frå fagutval sau: Nedbygging av Nortura sitt eige lager for å redusere bunden kapital. Halal lam utgjør 6 % av totalt sal i Nortura. Halalslakta sau vert utprøvd, det som er halalslakta skal ikkje inn i ordinær varetraum: Kvardagslam: 10 tonn pr veke, ikkje stor fortjeneste. Sau: Oppmoding om å ikkje slakte ut frisk sau automatisk.

Spørsmål/kommentarar:

- Leverer Nortura til den nye kjeda Iceland?
- Coop vil gjerne ha merkevara Gilde, men vil ikkje betale for den? Kva gjer vi i forhold til at kjedene brukar kjøt som lokkevarer, samtidig som det vert klaga på fortjenesta? Spekulerast i kjøp av billeg sau frå reguleringslager?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 **Evaluering av RU-møtet**

Brit Kari orienterte om oppsummering av evalueringsskjema.

Innspel/kommentarer:

- Kunne gjerne hatt bedre tid til innlegget til Mads Bendixby/dei som kjem frå KL
- OK, sjølv om det vart kort dag
- Bodø grei plass, mange engasjerte

Vedtak: AU tek evalueringa til orientering.

3 **Oppfølging av kretsmøta og RU-møtet**

Brit Kari orienterte om oppfølgingsrapportane.

Innspel/kommentarer:

- Spørsmål i RU-møtet om lukka import, gjekk på kor store kvotene er for halal, kosher, osv. Utgjer ca 100 tonn.
- Veldig bra med oppfølgingsrapportar for svar på saker som er tatt opp.

Vedtak: AU tek oppfølgingsrapportane til orientering.

4 **Orientering frå arbeidet i Medlem og Drift, region Nord**

Svein Inge orienterte om tilførsler: På storfe og gris over 100 i indeks, småfe lågare pga teljedato. Halal sau: Kan kløyve ved Målselv for uttak av ryggmarg, for ferskt sal og frysing for eksport. Thulefjord med alle 3 pølsevariantar no i Rema Nord. Produserer ekstra med grillpølser i Målselv pga grillvêret. Grilling med NSG stort sett i heile landet. Produksjon av krydra grillribbe og sommarkoteletter til Målselv no, utnyttar då råvarene lokalt. Avlivingskurs ved Nortura Karasjok, med gode tilbakemeldingar. Etterspurt i Troms og Nordland + nytt kurs i Karasjok. Tiltakspakken: Leverer betre på alle fabrikkar enn i fjor.

Spørsmål/kommentarer:

- Tonnasje på tilførsler så langt i år? Bra med lokal produksjon i regionen, basert på lokal råvare.
- Kva vert gjort for å kunne levere kebabkjøt?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 **Oppnemning av ressursgrupper**

Bjørn-Arne føreslo Tove Baustad og Kjell Arne Berg til ressursgruppe egg.

Kvart AU-medlem har vurdert behov for endringar i sine ressursgrupper. Ingen forslag til endringar.

Innspel/kommentarer:

- Svein oppfordra til at AU-medlemene brukar ressursgruppene og informerer dei, for opplæring og moglege rekruttering.

Vedtak: AU vedtok ny ressursgruppe egg, ellers ingen endringar. Oversikt vedlagt referatet.

6 **Fordeling av ansvarskretsar**

Fordeling av ansvarskretsar på AU-medlemene vart gjennomgått. Det vart ikkje gjort endringar i forhold til 2017.

Innspel/kommentarer:

- Endre kan gjerne tenke seg fleire kretsar for oppfølging

Vedtak: AU vedtok uendra fordeling av ansvarskretsar.

7 **Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar**

Brit Kari orienterte om kretsane sine handlingsplanar og omsøkte midlar. Oppfordra AU-medlemmane til å fylgje opp sine ansvarskretsar.

Innspel/kommentarar:

- Stands på bygdadagar eller liknande: Kretsleiarane må spørjast om å stille opp.

Vedtak: AU tek handlingsplanane for kretsane til orientering. Kretsane vert oppmoda til nøktern ressursbruk.

8 **Regional produksjon og produkt i Nord-Norge**

Svein orienterte om at Bente, Arne og Svein har avtalt eit møte med Arne Kristian og Trine den 20. juni om saka. Var tema på RU-møtet og årsmøtet. Har tilførselar og kapasitet i fabrikkane i regionen til produksjon og foredling. I tillegg Vegagrisen som kunne vore profilert. Thulefjord er også lite profilert, med potensiale for produksjon.

Bente orienterte om Vegagrisen: Ikkje godt svart i årsmøtet. På Vegamøtet i forrige veke var Yngve Ekers ein føredragshaldar, ynskjer å profilere Vegagrisen. Kjøttcompagniet involvert.

Spørsmål/kommentarar:

- Etterspør kva som vert brukt til profilering, kven har ansvar for det? Jf marknadsføringa av Klosterlam.
- Vorte nemnt føringar i fusjonsavtalen mellom Nord Norges Salgslag og Gilde Norsk Kjøtt.
- Vurdere tlf møte i AU etter møtet.

Svein/
Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

9 **Vurdering av reindrifta inn i Nortura**

Svein orienterte om innspelet frå Anne May Olli i årsmøtet. Svein har tatt det opp med ulike personar i og utanfor reindriftnæringa, og stort sett fått positive tilbakemeldingar. Føreslår at AU sender brev til styret og ber om at det vert sett på fordelar og ulemper med at reindrifta vert tatt inn i Nortura. Svein lagar utkast til brev, som AU får på høyring.

Svein

Spørsmål/kommentarar:

- Har lang historie med konflikter med reindrifta. Har mange felles utfordringar, fordel med samarbeid. Veit ikkje korleis reindriftnæringa stiller seg til det.

Vedtak: AU sender brev til styret og ber om at det vert sett på fordelar og ulemper med at reindrifta vert tatt inn i Nortura.

10 **Eventuelt**

- Svein har fått spørsmål om Nortura kan lage ein lapp der det står ferdig trykt at eg ynskjer å kjøpe eit Gilde/Prior-produkt, men at det ikkje finnast i denne butikken.
 - Orkar folk å gjere noko med dette? Jf trykke på knapp på flyplassen med synspunkt. Kan verke mot si hensikt dersom få eller ingen fylgjer opp.
 - Konklusjon: Vert ikkje følgt opp vidare.
- Brit Kari tok opp om det ynskjeleg med dagsmøte eller 2-dagers møte til hausten.
 - Kort tid med dagsmøte, tidsramme fastsett av flytider. Kan forsvarast med 2-dagers møte. Andre AU har fysiske AU-møter jamt, vi har stort sett berre tlf møter og fysiske møter i tilknytning til RU-møta.
 - Viktig for nettverk og kontaktar.
 - Konklusjon: AU ynskjer at det vert gjennomført 2-dagers møte.